

Til:	Fakultetsstyret
Frå:	Dekanen
Sakstype:	Vedtak
Saksnr.:	V-sak 7
ePhorte:	2019/3243
Møtedato:	11.09.2020
Notatdato:	02.09.2020
Saksbehandlar:	Aud-Jorunn Sandal

## Oppnemning av medlemmer i fakultetet sitt valstyre for perioden 2020 - 2023

### Bakgrunn

Fakultetsvalstyret skal oppnemnast av fakultetsstyret. Det samfunnsvitenskaplege fakultet valde hausten 2019 eit nytt fakultetsstyre for perioden 2020 – 2023. Jamfør UiO sitt valreglement § 3.3, 2. ledd, fungerer eit valstyre inntil det nye styringsorganet har vald nytt valstyre.

### Samansetning og valperiode

Valstyret skal vera samansett av ein representant kvar av gruppene fast vitenskapleg tilsette, teknisk- og administrativt tilsette, mellombels tilsette i undervisning- og forskarstillingar og studentar. Fast vitenskapleg og teknisk-administrativt medlem i valgkomiteen vert oppnemnd for 4 år, og mellombels tilsett og studentmedlem vert oppnemnd for 1 år.

### Valstyret sitt ansvar og oppgåver

UiO sitt valreglement § 3.3:

«Valgstyrer for valg på fakultets- og instituttnivå

Fakultetsstyret oppnevner et fakultetsvalgstyre. Dette har ansvar for følgende valg som avvikles på fakultets- og instituttnivå: valg av dekan og prodekan, instituttleder og stedfortreder for instituttleder, og for valg til fakultetsstyre og instituttstyre/råd. Det kan delegerer til instituttene å gjennomføre valgene. Instituttstyret oppnevner da eget valgstyre. Ved institutter som har råd og ikke styre, oppnevnes valgstyre på instituttnivå av fakultetsstyret. Fakultetsdirektør/instituttleder organiserer et fast valgsekretariat som er underlagt fakultets/instituttvalgstyret.»

Valstyret vil ha ansvar for den praktiske avviklinga av vala, med eit valsekretariat til å støtte seg på. Valstyret tek, med utgangspunkt i valreglementet, avgjerd om valbarheit, stemmerett, og om opplegget for organisering av (dei elektroniske) vala.

### Delegering

Representant for gruppene mellombels vitenskapleg tilsette og studentar skal oppnemnast årleg, den siste gruppa etter at studentutvalet ved SV har funne sin kandidat. For å sikra at ein til kvar tid har eit fulltalig valstyre er det hensiktsmessig å delegerer den årlege suppleringa av representantar til valstyret til dekanen. Fakultetsstyret vil verta orientert etter kvar endring i samansetning av valstyret.



## Oppnemning av fakultetsvalstyre for val i perioden 2020 – 2023

- Representant for fast vitenskapleg tilsette: Jostein Askim, ISV
- Representant for teknisk-administrativt tilsette: Mari Strønstad Øverås, ØI
- Representant for mellombels vitenskapleg tilsette: Stine Nygård, PSI
- Representant for studentane:

Studentutvalet skal velje sin representant seinare i månaden.

### Forslag til vedtak

*Fakultetsstyret oppnemner Jostein Askim som representant for gruppa fast vitenskapleg tilsette i valstyret ved Det samfunnsvitenskaplege fakultet for perioden 2020 – 2023.*

*Fakultetsstyret oppnemner Mari Strønstad Øverås som representant for gruppa teknisk-administrativt tilsette i valstyret ved Det samfunnsvitenskaplege fakultet for perioden 2020 – 2023.*

*Fakultetsstyret oppnemner Stine Nygård som representant for gruppa mellombels vitenskapleg tilsette i valstyret ved Det samfunnsvitenskaplege fakultet for ein periode på 1 år.*

*Fakultetsstyret delegerer til dekanen å årleg godkjenne representant for gruppa mellombels vitenskapleg tilsette og studentrepresentant.*

Med helsing

Anne Julie Semb  
dekan

Gudleik Grimstad  
fakultetsdirektør

Dette dokumentet er godkjent elektronisk ved UiO og er derfor ikkje signert.

Saksbehandlar:  
*Aud-Jorunn Sandal*  
+4722858224, [a.j.sandal@sv.uio.no](mailto:a.j.sandal@sv.uio.no)